



TIL



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4821 - 14/12654

Saksbehandlar:  
Arne Magnar Kvamme  
Arne.Kvamme@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2014



## INNBYDING TIL FØRSKULEDAGAR

Hei att, og takk for sist.

Det er alt lenge sidan du var her på skulen og vart innskriven i vinter.

Då snakka me om at du skulle komma att til skulen før sommarferien. No er tida komen då me på Skodvin skule vil invitara deg på skulen.

Me ønskjer at du møter på skulen **torsdag 5. juni og fredag 6. juni**. Skuledagn startar klokka 08.50, og du vert ferdig på skulen kl. 12.20.

Diverre har du ikkje rett til fri reise med skulebussen desse dagane, men du kan betala billett og få vera med. *Skuleskyssen høver ikkje med heimreisa di*, så du lyt få nokon til å henta deg viss du har lang veg.

På førskuledagane skal du få møta Ruth som er lærar ved skulen, og du skal få verta litt kjend med skulen og dei andre som er her. Me håpar at du og dei andre i første får fine dagar i lag på skulen.

Du treng å ha med deg nistepakke og drikke, sko til å ha på deg inne, og uteklede som passar til veret.

Viss du vil at foreldra dine eller ein annan vaksen skal vera med deg, kan du gjerne be dei vera med.



*Velkomen til Skodvin skule!  
Me gler oss til å møta deg att!*

*Beste helsing*

*Arne M. Kvamme  
rektor*



### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



**ttakarar:**  
TIL